

REVIDERT LÆREPLAN i norsk og
sidemålsundervisning er tema for
denne utgåva av Nynorskopplæring.

PÅ TORSTAD UNGDOMSSKOLE i
Asker opplever elevane glede i møte
med nynorsk. S. 8

KRISTIN KIBSGAARD SJØHELLE
forskar på sidemålsundervisninga.
S. 10

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 19 | HAUSTEN 2013 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Nynorskgrunnlaget

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret FOTO: **Rib & Morits**

GIR DET MEINING å snakke om «grunnleggande ferdigheiter» i nynorsk? Svaret på det spørsmålet er avhengig av korleis ein tolkar omgrepet.

I Kunnskapsløftet, med alle tilhøyrande læreplanar, er det ein klart definert merkelapp på «fem ferdigheiter som er grunnleggande føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeidsliv og samfunn». Dei fem er digitale ferdigheiter, munnlege ferdigheiter, å kunne lese, å kunne rekne og å kunne skrive.

I det offentlege ordskiftet – og langt inn i lærarromma – finn ein av og til ei anna, meir allmenn tolking. Der blir «grunnleggande ferdigheiter» brukt om «å kunne lese eller skrive elementære tekstar på eitt av dei to norske språka».

Dette er uheldig, for det forkludrar debatten både om mål og middel i undervisinga.

I dette nummeret av Nynorskopplæring skriv vi om «grunnleggande ferdigheiter» med utgangspunkt i den literacy-baserte læreplandefinisjonen. Brukt slik er ikkje nynorsk ei grunnleggande ferdigheit, like lite som bokmål er det.

Frå hausten 2012 har Torstad ungdomsskole i Asker samarbeidd med Nynorsksenteret om prosjektet «Nye vegar til betre nynorsk». I tillegg til at det skal styrke elevane sin dugleik i nynorsk, er det ei eksplisitt formulert målsetjing at prosjektet skal styrke dei grunnleggande ferdigheitene i lesing og skriving. Dessutan er fleire av delmåla «nynorsknytrale»: Dei handlar om at eleven skal



bli tryggare på ulike skrive- og lesestrategiar, og at lærarane skal få auka kompetanse i å drive skriveopplæring.

Vi trur at det å lese og skrive begge målformene – i mange fag og heilt frå småskulen – er ein god innfallsvinkel i lese- og skriveopplæringa. Det gir auka medvit om språkleg variasjon og auka evne til å forstå og skrive ulike typar tekstar. Bokmålselevar skal altså ikkje arbeide med nynorsk berre for å bli kompetente brukarar av sidemålet, men også for å bli flinkare i dei grunnleggande ferdigheitene lesing og skriving.

Ei slik utvida, literacy-basert grunnngjeving for sidemålsundervisinga er framtida.

NYNORSKOPPLÆRING NR. 19, SJUANDE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Gudrun Kløve Juuhl

FORMGJEVING: Trude Antonie Øvrebøe

SPRÅKVASK: Aud Søyland

SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: TINDE Design & Trykk AS

FRAMSIDE: Ella K. Okstad

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda

Postboks 500

6101 Volda

www.nynorsksenteret.no



No finn du tre nye nynorske teikneseriar på
nynorsksenteret.no/teikneseriar.

Nye teikneseriar

TEKST: **Gudrun Kløve Juuhl** TEIKNING: **Kristoffer Lindseth**

TEIKNESERIAR er ein god inngang til arbeid med nynorsk som sidemål. På nynorsksenteret.no/teikneseriar finn du no tre splitter nye teikneseriar som kan lastast ned og skrivast ut gratis. Seriane er *Gaupemat* av Kristoffer Lindseth, *Detektiv Torg Hammad* av Åge Hovland Peterson og *Skumring* av Are Pedersen. På teikneseriesidene finst det i tillegg over tretti andre seriar og ulike undervisningsopplegg for arbeid med teikneseriar på ulike årssteg.



FRAMSIDEBILETET til dette nummeret av *Nynorskopplæring* har Ella K. Okstad laga for oss. Ho har illustrert fleire barnebøker, mellom anna Klara kan-serien frå Samlaget.

Innhald

Nynorskgrunnlaget av Torgeir Dimmen	S. 2
Nye teikneseriar av Gudrun Kløve Juuhl	S. 3
Eit tydelegare sidemål for grunnskulen av Hjalmar Eiksund	S. 4
Dei fyrste møta av Gudrun Kløve Juuhl	S. 6
Over terskelen av Gudrun Kløve Juuhl	S. 8
Sidemål som kjelde til metaspråk av Pernille Fiskerstrand	S. 10
Det evige spørsmålet av Av Benthe Kolberg Jansson, Ane Aadland, Torlaug Løkensgard Hoel, Hjalmar Eiksund og Marit Brekke	S. 12
Tips om bøker, musikk og vevsider av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 14

Har du tips til stoff til bladet?
Send det på e-post til ato@hivolda.no.

Språklæring tek tid – ofte fleire år. Den nye læreplanen tydeleggjer korleis ein skal undervise i sidemål tidleg, og tek dermed på alvor at opplæringa i både bokmål og nynorsk er læring av to nære, men likevel ulike skriftspråk.

Eit tydelegare sidemål for grunnskulen

TEKST: **Hjalmar Eiksund** ILLUSTRASJON: **Stig Bruksås**

NORSKFAGET ER STORT, femner breitt og veg tyngst av alle skulefaga på karakterutskrifta etter tiande klasse. Slik skal det framleis vere. I samband med revidert læreplan har regjeringa valt å halde fram med tre norskkarakterar i grunnskulen, trass i krav frå fleire hald om å kutte ned dokumentasjonsarbeidet til norsklærarane. Korleis heng dette saman?

Revisjonen skulle mellom anna syte for ein overcomeleg og tydeleg læreplan. Kompetansemåla i norskfaget gjeld for både hovudmål og sidemål, men det som ikkje blir nemnt spesielt, blir fort gløymt. For mange er det derfor klargje-

rande med nye og spesifiserande kompetansemål for sidemål.

Tretrinnsraketten på barnetrinnet

Introduksjonen tek til tidleg. Ifølgje den nye planen skal elevane:

- bli lesne for på sidemål dei to første skuleåra
 - lese sjølve på sidemål i tredje og fjerde klasse
 - eksperimentere med skrivning på sidemål i løpet av dei tre siste åra av barneskulen
- Tidlegare var gruppespråk og dialekt med under eksperimenterande skrivning. At dette no er borte, kan understreke at det er skilnad på ufor-

mell skrivning og skriftleg norm, og at skulen skal prioritere det formelle skriftspråket.

Ei språkleg «månelanding»?

Elevane skal altså kjenne til begge målformene før dei tek til på ungdomsskulen. Kompetansemåla etter tiande trinn sidestiller hovudmål og sidemål, men føreset seks år med skrivning på både bokmål og nynorsk.

Dette stemmer dårleg med røynslene til mange norsklærarar. Dei opplever at det er så som så med sidemålskompetansen om hausten på åttande trinn. For somme er jamstilt kom-



LENKER

Tidleg start: <http://nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/tidleg-start>

Arbeid med reklamar: <http://nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/arbeid-med-reklamar>

Lærebooker på nynorsk: <http://nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/larebok-pa-nynorsk>

petanse i begge målformene like fjernt som ei månelanding.

Men læreplanen er klar, og skular Nynorsk-senteret samarbeider med, har råd om korleis:

SKRIV MYKJE

Det er gjennom skrivning ein best lærer nye språk. Då må ein ta eigne val om alt frå omgrepsbruk til rettskriving, og ein set si eiga stemme til skrift-språket. Ved nokre skular er sidemål i stor grad knytt til grammatikkundervisninga. Ein finn noko støtte for dette i kompetansemåla, men det må ikkje bli den einaste måten ein underviser på. Grammatikken er til for språket – ikkje omvendt. Det er først gjennom skrivning ein blir ein trygg sidemålsbrukar.

KONTRASTIV UNDERVISNING

Ein annan måte er stadig å samanlikne målfor-mene. Dette kan gjerast uavhengig av tema elles i norskfaget.

- Korleis skriv ein dette på nynorsk?
- Finst det ein annan måte å formulere dette på bokmål?

På den måten får elevane tidleg erfare at same teksten kan uttrykkast ulikt, og dei kan oppar-beide eit metaperspektiv på eiga skrivning. Røyn-slene til Nynorsksenteret viser at elevar blir betre i begge målformene av å tenke i språklege kon-trastar.


SAMARBEID MED ANDRE FAG

Læreplanen skisserer mange teksttypar ein skal øve på. Samarbeid med andre fag må ligge der som ein premiss, dersom ein skal få tid til alt. Både faglærer og norsklærer kan dra nytte av slike samarbeid – utan vesentleg meirarbeid. Sjå nettstaden til Nynorsksenteret for konkrete døme.

Mindre press på ungdomsskulen


Språklæring tek tid. Det er ikkje nok å lese eit språk for å meistre språket. Med den nye lærepla-nen er ansvaret for sidemålsopplæringa fordelt mellom barne- og ungdomsskulelærarane. Side-målsundervisninga tek til tidleg på barnetrinnet. På den måten vil presset på ungdomsskulelæra-ren bli redusert. Skal ein lykkast med dette, må

vi som lærarar tematisere språket tidleg, allereie dei første åra på barnetrinnet. Det legg den nye læreplanen godt til rette for.



Hovudmål og sidemål

I læreplanen frå 2006 fanst ikkje omgre-pa «hovudmål» og «sidemål», dei var omgrep knytte til vurderinga av faget. I 2013 er hovudmål og sidemål tekne inn i kompetansemåla – sidemål allereie frå femte trinn. Omgrepet er derfor ikkje lenger eintydig kopla til vurdering. Læ-replanen skil no mellom «bokmål» og «nynorsk» når språket blir omtalt som litteratur, og «hovudmål» og «sidemål» der elevane skriv tekstar sjølve.



Benthe Kolberg Jansson veit korleis ein gjev bokmålselevar gode møte med nynorsken.

Dei fyrste møta

TEKST: **Gudrun Kløve Juuhl** FOTO: **Universitetsforlaget**



*Ikkje ver redd for at
ungane ikkje skal lika det.
Ungar tykkjer det er
spennande med språk og
likar å leika med språk.*

LÆREPLANEN SEIER at på dei fire fyrste årsstega skal elevane verta lesne for og etter kvart lesa sjølve på nynorsk og bokmål. Etter sjuande steget skal dei ha eksperimentert med å skriva på sidemålet. Benthe Kolberg Jansson har saman med Hilde Traavik følgd klassar der elevar med bokmål som hovudmål startar tidleg med nynorsk.

– Ein kan godt starta tidlegare enn femtetrinnet med skrivning. Lesing og skrivning heng saman! Det er synd å berre lesa på dei tidlegaste stega og utsetja skrivinga. Ein kan til dømes starta med avskrift. Elevane kan skriva av ein nynorsk songtekst dei likar godt, pynta rundt han og henga han opp i klassen. Andre ting ein kan gjera, er å lesa ei bok på nynorsk i klassen, og så kan kvar elev velja seg ei setning som dei anten likar eller undrar seg over, som dei kan skriva ned og etterpå lesa høgt. Det går også an å bruka boka Barnas eigne vitsar frå Samlaget, så kan elevane plukka seg ut ein favorittvits som dei skriv av og les høgt. Ein kan sjå på kva ord som er skrivne annleis på nynorsk enn på bokmål, og slik retta merksemda mot språket.

Ikkje ver redd for at ungane ikkje skal lika det. Ungar tykkjer det er spennande med språk og likar å leika med språk.

– *Kvifor er det viktig å starta tidleg med sidemål?*

– Eg meiner det er viktig at både bokmåls-
elevlar og nynorskelevlar startar tidleg med det
andre målet, men av litt ulike grunnar. Elevlar
med bokmål som hovudmål er i liten grad for-
trulege med nynorsk frå kvardagslivet. Skulen
er den arenaen der dei kan møte nynorsk på ein
god måte. Ein bør byrja tidleg for å utvikla både
haldningar og kompetanse gjennom variert til-
nærming i fleire år. På den måten får dei den ge-
vinsten det er å utvikla eit breiare norskspråkleg
repertoar over tid. Dei får større omgrepsdjupn,
det vil seia ei djupare forståing av omgrep gjen-
nom å læra dei på både skriftspråka, og dei får ei
større breidd i ordforrådet.

Også for nynorskelevane er ei kontrastiv
tilnærming til skriftspråka nynorsk og bokmål
nyttig. Det vil seia at ein samanliknar språka og
utviklar medvit om kva ein les og skriv. Me veit at
ein del nynorskelevlar har bokmålsinnslag i tek-
stane sine. For dei er det nyttig med auka medvit
om kva som er bokmål, og kva som er nynorsk.

– Men etter den gode starten, korleis held ein
fram?

– Om elevane har lese ei bok eller forteljing
på nynorsk, kan ein spørja: Kva handla denne om,
og så kan elevane skriva det med egne ord. Det er
viktig å gje elevane støtte i tekstar på nynorsk når
dei skal skriva. Om dei har halde på med vitsar,
kan det henda elevane kan vitsar som ikkje står
i vitseboka, som dei kan skriva ned på nynorsk.
Det er eit poeng å ikkje gå rett på dei svære tinga,
men elles er det berre fantasien som set grenser.
Felles tekstskaping er ein god måte å arbeida på.
Grupper på to-tre elevlar kan skriva ei lita for-
teljing eller ein annan tekst og prøva å skriva på
nynorsk. Då får dei snakka saman og spela på
kunnskapane til kvarandre.


Elles er det viktig å hugsa at dette er utprø-
ving, me driv ikkje med feilretting i desse fyrste
tekstane. Når elevane skriv «bøkar», bør me sjå

det som eit teikn på at dei prøver å skriva nynorsk
heller enn som feil.

– Er dette noko alle kan greia?

– Mange lærarar i bokmålsområde føler seg
nok utrygge på nynorsk og har ikkje særleg erfa-
ring med nynorskundervisning i barneskulen.
Då er mitt råd: Oppdag nynorsk saman med
elevane, lær saman med elevane! Ikkje lat egne
sperrer hindra elevane i å læra. Og hugs at mykje
av det som er morosamt på bokmål, er morosamt
på nynorsk òg!

Teksta nedafor er skriva av ei jente i sjuande
klasse med bokmål som hovudmål. Klassen har
hatt samfunnsfagbøker på nynorsk sia femte
klasse. Denne teksta kan knytast til det å utvi-
kle nynorskkompetanse over tid i barneskolen.
dessutan er det eit poeng at elevane kan arbeide
med nynorsk i ander fag enn norsk også.



Elevane har opplevd glede i møte med nynorsk, fortel lærarane på Torstad ungdomsskule i Asker, men det har kanskje lærarane òg?

Over terskelen

TEKST: **Gudrun Kløve Juuhl** FOTO: **Sverre Edvardsen og Ragnhild Ringnes**



– **ME YNSKTE AT ELEVANE** våre skulle gjera det betre i sidemål, og me merka at haldningane deira til nynorsk ikkje var så gode som me ville ha dei, fortel rektor, Rolf Krohg-Sørensen.

Torstad er den største ungdomsskulen i Asker med nesten 500 elevar. I 2012 sette dei i gang nynorsksatsinga «Nye vegar til betre nynorsk» på tiande trinnet, med støtte frå Nynorsksenteret. I år er satsinga utvida til å gjelda heile ungdomsteget.

«Nye vegar til betre nynorsk» koplar saman grunnleggjande ferdigheiter og det å skapa mange, positive og varierte språkmøte med nynorsk. Elevane i tiande har arbeidd med munnlege ferdigheiter gjennom dramakurs på Det Norske Teatret og gjennom dramaveka på skulen. Dei har hatt kurs både i å skriva sakleg og spennande på nynorsk, det siste med forfattaren Magnhild Bruheim. Dei har hatt skrivekonkurranse på nynorsk, der vinnarbidraga vart lesne opp for heile skulen og trykte i heftet Torstad tekst. Arbeid med lesestrategiar har bidrege til at elevane ikkje stoggar opp i møte med nynorske tekstar. Og bibliotek og bibliotekar har vore aktivt med. Elevane vart spesielt inspirerte under arbeidet med drama: – Munnleg aktivitet og lek har ufarleggjort nynorsken, seier Siri Davik, norsklærer i tiande.



Ein del av nynorsksatsinga har vore at lærarane brukar nynorsk i vekeplanar og på Fronter. Davik skildrar det å skriva nynorsk til elevane som ein terskel ho og fleire av dei andre har kome over gjennom denne satsinga.

– Når nynorsk ikkje er mitt skriftspråk eller det eg skriv til vanleg, så har ein lettare for å gjera feil og må sjekka meir at ting er rett, og då vert det ein barriere for å setja i gang. Ein må våga litt, og våga å gjera feil, for det gjer ein jo. Av og til seier me til elevane: «Ok, no er det ein feil på denne vekeplanen, den kan de finna.» Samtidig kan det vera litt fint å kjenna på korleis det er å vilja ha det rett og vera redd for at ein ikkje får det til, for det er kanskje litt sånn elevane har det.

– *Kva trur du er viktig i eit lærarkollegium for at ein skal koma over den terskelen?*

– Eg trur det er viktig at ein snakkar saman, og at det er rom for å ikkje vera perfekt, at ein ikkje vert halshoggen om ein gjer feil. Og det er viktig at me er trygge på at me kan hjelpa kvarandre. Dette prosjektet har ført til at me som har norsk på trinnet, har måtta møtast oftare og snakka saman, og det har vore nyttig. Det har blitt eit fagforum.

Frå og med dette skuleåret gjeld nynorsksatsinga alle tre stega på skulen, og norsklærarar på

alle trinna og bibliotekaren planlegg og fordeler saman. Tiande trinn får dramakurs, men niande får skriveverkstad med ein ekte nynorskforfattar. I åttande skal dei mellom anna arbeida med teikneseriar på nynorsk, og lesestrategiar. Målet er å ha ein felles tanke om korleis ein kan arbeida med nynorsk og sikra progresjon gjennom dei tre åra på ungdomsskulen, i staden for berre å tenkja trinn for trinn. – Når alle er med, kan me få meir fellesskap også mellom trinna, seier Siri.

– Både elevar og lærarar har gått gjennom ei haldningsendring dette året, slår rektor fast, og meiner han har merka ei positiv bylgje for å lesa og skriva nynorsk.

– Munnleg aktivitet og leik har ufarleggjort nynorsken, seier Siri Davik, norsklærer i tiande.

Skulen arrangerte skrivekonkurransen Torstad tekst, der tiandeklassingane konkurrerte om å skriva den beste nynorske teksten. Juryen var sett saman av Frøydis Hertzberg, professor i norskdidaktikk, Magnhild Bruheim, forfattar og Janne Karin Støylen, litteraturformidlar. Dei beste tekstane vart lesne opp framfor heile skulen og trykte i heftet Torstad tekst.



Den reviderte norsklæreplanen legg opp til ei brei sidemålsopplæring der behovet for språk om språk kjem tydeleg fram. Eit doktorgradsarbeid om nynorsk som sidemål på vidaregåande viser korleis nynorsk som bruksspråk i klasserommet kan vere ei god hjelp til å utvikle metaspråk.

Sidemål som kjelde til metaspråk

TEKST: **Pernille Fiskerstrand** FOTO: **Rib & Morits**

LÆREPLANEN UTTRYKKJER eksplisitt det positive med den norske språksituasjonen: «Det språklige mangfoldet er en ressurs for utviklingen av barn og unges språkkompetanse» (LK13:1). Dette er ein viktig premiss, og det er særleg interessant å sjå korleis læreplanen legg opp til at lærarane konkret skal utnytte denne ressursen til språk-samanlikning i undervisninga.

«Eg trur at dei uformelle tekstane har utvida ordforrådet mitt mest, spesielt med tanke på diskusjons- innlegga, for då fekk eg sjå korleis dei andre i klassen skreiv, og lærte av dei.»

Elev VG3

Utgangspunkt for samanlikning

Alt frå ungdomsskulen skal elevane kunne «bruke grammatiske begreper til å sammenligne nynorsk og bokmål» (LK13:7). Denne kompetansen skal nyttast i det vidare utdanningsløpet når elevane skal studere språk og språktrekk som ligg fjernare i tid og rom. Etter Vg2 skal elevane nemleg kunne gjere samanlikningar med norrønt, og på VG3 skal dei jamføre norsk og samisk. På denne måten legg læreplanen opp til å bruke sidemålsopplæringa til å utvikle språk om språk (metaspråk) hos elevane.

Via bruksspråk til metaspråk

For å kunne bruke sidemålet i arbeidet med kontrastiv språklæring må elevane møte det i så mange ulike samanhengar at dei får reelt grunnlag for å samanlikne med hovudmålet. På den måten får dei høve til å utvikle metaspråk, slik læreplanen legg opp til. Høgskulelektor Kristin Kibsgaard Sjøhelle ved lærarutdanninga i Volda held på med ein doktorgrad der ho studerer kva som skjer når ein bokmålsklasse på VG3 nyttar nynorsk som bruksspråk i klasserommet. Studien hennar har

tatt utgangspunkt i ei undervisningsform der lærar og elevar nytta nynorsk i formelle så vel som uformelle samanhengar i norsktimane. Læraren skreiv nynorsk på tavla og i alle digitale dokument til elevane. Elevane vart oppmoda om å bruke nynorsk mest mogleg i presentasjonar, loggar og andre korte tekstar. Dei nytta også diskusjonsforum og meldingsfunksjonane på læringsplattforma til å skrive nynorsk. Læringsplattforma Fronter vart kommunikasjonsentral for klassen og læraren, og der samla dei også alle digitale dokument. Prosjektet strekte seg over eitt skuleår.

Bruksorientert nynorskopplæring

Denne studien, der erfaringane til elevane står i sentrum, gir eit innblikk i kva strategiar bokmålslevane nyttar når dei skal tilpasse nynorsk til bruk i uformelle og digitale tekstar, fortel Kristin. Ho peikar særleg på korleis studien også gir betre føresetnader for å gjere nynorsk til ein meir aktiv og bruksorientert del av norskfaget. Studien synleggjer òg kva som skal til for at denne undervisningsforma skal fungere godt for ulike elevar og skrivarar.



Valde å vidareføre prosjektet

Læraren i studien gav uttrykk for at elevane hadde stort utbytte av å gjere nynorsk til noko daglegdags i norsktimane:

- dei fleste elevane fekk større meistringskjensle i nynorsk, og dei skreiv med betre flyt og med mindre innslag av svensk og arkaiske nynorsk-former, seier han. Han var så fornøgd med arbeidsforma at han valde å ta henne med seg inn i neste norskklasse.

I elevintervju kom det fram at elevane oppfatta mengdetreninga som særleg positiv, og at dei skreiv og såg nynorsk i bruk i andre former enn dei tidlegare hadde gjort. For nokre var det likevel utfordrande å nytte nynorsk som brukspråk, fordi dei ikkje kjende seg trygge nok på skriftspråket. Andre igjen opplevde at den uformelle skrivinga gjorde at dei kunne frigjere seg meir frå ordbok og grammatikkreglar, og at dei kunne konsentrere seg meir om innhaldet i teksten.

Arena for språk og metaspråk

Eitt av dei mest sentrale funna til Kristin er at denne måten å arbeide på passar nokre elevar betre enn andre fordi dei tar ulike strategiar i bruk i skrivinga si. Ho legg difor vekt på kor viktig det er at læraren ser elevane sine behov og let dei unge vere med og påverke metodane i sidemålsopplæringa. På den andre sida viser ho korleis elevane gjennom året vart vane med å diskutere språket i seg sjølv som fenomen, og at dei på den måten fekk utvikla metaspråk til å skildre ulike språktrekk. Dette er nettopp den kompetansen som læreplanen legg til grunn for at elevane skal kunne verte tryggare på eige språk, og for å kunne sjå språk som system og samanlikne med sitt eige.

Å rettleia elevar i å skriva betre nynorsk kan vera ei utfordring. Vi har spurt nokre norsklærarar og andre ekspertar om dei beste tipsa deira.

Det evige spørsmålet

Benthe Kolberg Jansson

Høgskolen i Østfold, er ekspert på utprøvande skriving på nynorsk på barnesteget



FOTO: UNIVERSITETSFORLAGET

- 1 Når elevane skriv, spør dei læraren «Kan eg skriva sånn på nynorsk?» Svar på det.
- 2 Når elevane les nynorsk, får dei språklege førebilete
- 3 På eit tidspunkt får elevane ordlister og likar å sjekka sjølve
- 4 Lat elevane lytta til at læraren les nynorske tekstar høgt. Det føreset at læraren les etter boka.

Ane Aadland

er norsklærer på Olsvikåsen videregående skole i Bergen



FOTO: KIB & MORITS

Eg plar å la elevane laga sine egne sjekklister for ting dei må hugsa (med utgangspunkt i tidlegare tilbakemeldingar) når dei skriv tekstar – eg laminerer og allslags. Nøkkelen er jo å jobba med dei og tekstane deira medan dei skriv, og ikkje berre gje tilbakemeldingar etter at dei er ferdige – då lærer dei ingenting. Eg plar òg å få dei til å konsentrera seg om ein ting om gongen – for eksempel seier eg at denne gongen skal de konsentrera dykk om å bøya verba rett (sånn i byrjinga i alle fall). Og så skriv eg konsekvent nynorsk til elevane mine.

Marit Brekke

var fram til i sommar norsklærer på Volda videregående skule, no er ho høgskulelektor på Høgskulen i Volda.



FOTO: ANN KARENE RASMUSSEN

Ein kan lata elevane byta tekstar og retta for kvarandre. Det er viktig å avtala før skriveoppgåver kva elevane skal få attendemelding på, og at ein del går på språket. Instruksjonstekstane elevane får, må vera tydelege, og det må vera tydeleg for elevane kva dei skal sjå etter, til dømes ein ordklasse om gongen, slik at det ikkje vert alt på ein gong. Elles er det slik at verbbøying og ein del annan grammatikk er slikt som krev øving, kanskje til og med pugging nokre gonger.

Torlaug Løkensgard Hoel

er professor i norskdidaktikk ved Høgskolen i Sør-Trøndelag og har undervist i norsk på videregående i mange år.



FOTO: SØLVI WATERLOO NORMANSEN

Hjalmar Eiksund

på Nynorsksenteret har jobba mange år i ungdomsskulen:



FOTO: KIB & MORITS

For å trene på bøyingsmønster laga eg ein kortstokk av papp i gilde fargar. Kvart kort hadde framside og bakside. Eksempel på framside: å treffe. Baksida har bøyingsmønsteret: treffer – trefte – treft. Framside: eit problem. Baksida har bøyingsmønsteret: problemet – problem – problema. Elevane arbeidde i par, ein las opp ordet på framsida, og så skulle parkameraten bøye ordet.

Når det gjeld rettleiing på tekstar: I all rettleiing er ein jo selektiv. Nokre elevar har nok med å få grep om det elementære, medan andre treng hjelp til det eg ville kalle språkrøkt. Men uansett er det viktig at også det som eleven har lykkast med, blir kommentert. Det har sjølvsagt samanheng med motivasjon. Den andre grunnen er at vi er blinde for vår eigen tekst, vi er innforstått med teksten. Derfor ser vi ikkje kva som er mindre godt, men vi ser heller ikkje kva som er godt. Derfor ser eg det som eit ledd i å øve opp språkleg medvit at eleven får høyre kva som er godt i teksten. Og, ikkje minst, kva han/ho har lykkast med i høve til tidlegare slik at framgang blir understreka.

Synleggjer teksten!

Tilbakemelding på elevtekstar kan fort bli einvegsinformasjon frå lærar til elev. Fleire enn eg har truleg opplevd elevar som underpresterer i skolearbeidet, men som er aktive skribarar utanfor skolen på sosiale medium som Facebook, Instagram og Snapchat. Å skrive for nokon er skjerpande og fungerer som motivasjon til å luke bort eigne feil. Kall det gjerne skiving med konsekvensar. Det kan gjerast på fleire måtar:

– *Samle gode tekstutdrag frå alle og del ut som «godbitark»*

– *Samle tekstar i ein klasse-antologi og kopier opp*

– *Bruk diskusjonsforum slik at alle ser kva dei andre skriv*

Ved å synleggjere skivinga vil elevane fungere som skrivande førebilete for kvarandre, samstundes som det gir elevane eit føremål med tekstproduksjonen ut over dei tilbakemeldingane som ein-til-ein-forholdet lærar og elev gjerne er.




FOTO: KIB & MORITS

Boktips



Jan Olav Fretland og
Aud Søyland
Rett og godt
Handbok i nynorsk-
undervisning

Samlaget 2013

BOKA ER TREDELT, og i første del av boka får du argument og metodar du kan bruke for å motivere unge i nynorskopplæringa. Den andre delen av boka er ein lettfatteleg presentasjon av den nye rettskrivinga. Siste del av boka er eit oppslagsverk over ulike grammatiske kategoriar.

Platetips



Aasmund Nordstoga
Guten – Songar av
Aasmund Olavsson
Vinje

SPRÅKÅRET 2013 ER ei feiring av det norske språkmangfaldet, og det året Aasmund Olavsson Vinje ville ha fylt 195 år. Aasmund Nordstoga gjev ut albumet Guten, som inneheld tekstar av Vinje og både gamle og nye melodiar. Ein finn tonar

Vevsidetips



Skrivesenteret

SKRIVSEENTERET har ei rekke filmar som kan brukast i undervisning, eller som kan vere til inspirasjon. Ein av dei filmane er skrivestrategier på ungdomstrinnet

Filmen viser eit heilskapleg undervisningsopplegg på tiande trinn som gir lærarar kunnskap om og idear til korleis dei kan arbeide for å utvikle elevane sine skrivestrategiar i dei ulike fasane av skriveprosessen. Strategiane kan lett overførast til lågare klassetrinn.

<http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivestrategier-pa-ungdomstrinnet/>

Vevsidetips



Veiledning til revidert
læreplan i norsk

LÆREPLANEN I NORSK som gjeld frå skuleåret 2013/2014, gjer grunnleggjande ferdigheiter tydelege i faget, og dette er ei rettleiing som viser korleis ferdigheitene kan integrerast i opplæringa. Rettleiinga inneheld praktiske døme som viser korleis du som lærar kan arbeide med læreplanen. Døma i kapittel 3 viser korleis kompetansemål frå fleire hovudområde kan kombinerast, og korleis du som lærar kan utforme læringsmål på lokalt plan. Du kan også finne døme på korleis du kan arbeide med undervegsvurdering og utarbeide kjenneteikn på måloppnåing lokalt.


<http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-lareplaner/Revidert-2013/Veiledning-til-revidert-lareplan-i-norsk/>

av Grieg, og tonar av Odd Nordstoga og Jørund Fluge Samuelsen. Nordstoga og Samuelsen har laga ny musikk og omarrangert nokre av Griegs songar. Visesjangeren ber fram tekstane, som er både sterke og vare. Songane formidlar kjensler og tankar som er tidlause og universelle – som er beint fram menneskelege og gripande. På plata finn me naturskildringar, kjærleiksdikt, formaning og livsbetraktningar. I Vinjes tekstar finn ein både blomar og hjartesår – nett som i livet sjølv. Konserten «Guten» er krydra med historier frå Vinje sitt liv og møte med personar ikring

han. Åsmund Nordstoga er ein glitrande historieforteljar. Dei medverkande på plata:

Aasmund Nordstoga, song
Odd Nordstoga, song, trekkspel, piano og gitar
Henning Sommerro, flygel og trøorgel
Per Sæmund Bjørkum, fele
Gjermund Silset, kontrabass
I tillegg spelar Andreas Utnem trøorgel, Erland Dalen slagverk, Jørund Fluge Samuelsen munnspel, og John Vinje autoharpe.

Boktips



Benthe Kolberg
Jansson og Hilde
Traavik
Norsk boka 1

Bind 1 av Norsk boka 1 og 2, Norsk for
grunnskolelærerutdanning 1–7.

DETTE ER EIT tobindsverk som er resultat
av at det i 2010 kom nye rammeplanar for
lærerutdanninga, og at læreplanen i norsk i
Kunnskapsløftet blei revidert i 2013. Det er eit
verk for lærarstudentar, men og for etablerte
lærarar i grunnskulen som ønskjer teoretis-
ke og metodiske innspel til undervisninga i
norskfaget.

Boka presenterer 13 kapittel som hovud-
sakleg er temabaserte, men nokre kapittel er
skrivne med utgangspunkt i klassetrinn, og
rettar seg då inn mot byrjaropplæring. Klas-
seromsperspektivet er vektlagt og er gjen-
nomgåande i begge bøkene. «I norsk boka har
vi lagt særskilt vekt på at presentasjonen av
ulike emner og teorier skal være praksisnær»,
seier forfattarane.

Redaktørane Hilde Traavik og Benthe
Kolberg Jansson har fått med seg mange gode
fagfolk ved fleire utdanningsinstitusjonar til
å bidra til Norsk boka 1 og 2. Bøkene inneheld
nokre kapittel skrivne på nynorsk og nokre på
bokmål, i og med at dei to målformene er jam-
stilte, og lærarar skal kunne beherske begge
målformene. Dette er eit verk med teoretiske
og praktiske innfallsvinklar til lærarvirket.

NORSKFAGET I ENDRING?

KONFERANSE I OSLO 23. OG 24. SEPTEMBER

2013 er eit merkeår for norskfaget, med revidert læreplan, Aasen-jubileum,
Språkår og stemmerettsjubileum. Den 23. og 24. september inviterer difor
Utdanningsforbundet, Språkrådet og Nynorsksenteret til konferansen
"Norskfaget i endring?"

**Tone Selhoe · Ottar Grepstad · Ove Eide · Magnhild
Bruheim · Jens E. Kjeldsen · Unn Røyneland · Janne
Karin Støylen · Torgeir Dimmen · Cecilie N. Seiness
Øystein Rosse · Lars Mæhle · Ingrid Metliaas
Mette Haustreis**

Meir informasjon og påmelding:

<http://www.utdanningsforbundet.no/Kurs-og-konferanser/?dep=KONF&cid=2013010&y=2013&d=23&m=9>

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



HØY OG LAV

VS.

HØG OG LÅG

NYNORSKOPPLÆRING kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.